



GEIRANGER 1950: Ein eldre småbrukar dyrkar ein i våre augo meiningslaust liten jordlapp over Geiranger. Foto: Erik Thorberg / NTB scanpix

# Ein landbruksnasjon

Noreg var eit unnatak i den industrielle revolusjonen. I takt med at det kom fleire industriarbeidsplassar, fekk vi stadig fleire bønder. Ottar Brox trur han har svaret på kvifor det vart slik.

JON HUSTAD  
jon@dagogtid.no

Fyrst nokre tal: I 1801 hadde Skottland 1,6 millionar innbyggjarar, Noreg 0,9 millionar. I 1825 hadde Skottland 350.000 sysselsette i industrien, Noreg berre 17.000. I 1819 hadde vi 94.000 gardsbruk, færre enn Skottland. I 1951 hadde skottane 750.000 tilsette i industrien og Noreg 358.000. I 1959 hadde talet på norske gardsbruk kome opp i 345.000 medan landbruket var så godt som utrydda i Skottland. I dag er det langt fleire nordmenn enn skottar, og vi har også langt fleire industriarbeidsplassar. Kvifor det gjekk slik, har Ottar Brox skrive om i boka *På vei mot et postindustrielt klassesamfunn?*.

– Du har funne at Noreg vart eit unnatak i den industrielle revolusjonen. Det normale er at talet på gardsbruk går ned, men i Noreg gjekk talet opp heilt til 1960-åra. Kvifor var dette eit gode?

– Det vi ser, er at talet på industriarbeidarar og bønder voks parallelt. Det er lett å sjå kvifor dette var ein føremon på mikroplanet. Tak ei typisk sunnmørsbygd. Der var det småbrukarar som reiste på sildefiske, dimes vart dette ein interessant lokaliseringstad for ein møbelfabrikk. Eigaren får lokal stabil arbeidskraft, og jamvel om du tek arbeid på fabrikk, veit du at garden ikkje er større enn at resten av familien kan greia drifta medan du er på arbeid. Du får altså industrigenererte landbruksbygder. Fram til eit godt stykke etter krigen gav det økonomisk meining å halda oppe gardsdrifta jamvel om du var industriarbeidar. På det viset fekk du ein god levestandard. Og om son din ville byrja på fabrikk, ja, så skaffa også han seg ei ku eller to.

– Og i tillegg var arbeidskrafta fleksibel?

– Ei typisk norsk industriverksemd produserte i takt med sesongvariasjon og årstidene. Då visste du som fabrikkkeigar at ei bygd med hundre småbruk gav deg tilgang på fleksibel arbeidskraft som var stadbunden. I staden for at industrien førde til landbruksdaude, fekk du altså to næringer som gjensidig genererte kvarandre. Ein ny industriarbeidsplass førde til eit nytt gardsbruk og motsett, og dimes fekk folk ein høgare levestandard.

– Var dette flaks, eller var det ein medviten politikk frå styremaktene?

– Det er det interessante spørsmålet. Men som eg freistar å visa i boka, var dette rasjonell tilpassing. Det var fyrst og fremst ein konsekvens av at jorda var så elendig i Noreg. Bortsett frå det sentrale området frå Mjøsa og ned til Ferder var det ingen som kunne rekna med å få pengar for jorda ved sal. Då vi fekk den enorme folketalsveksten etter napoleonskrigane, ja, så var det plass til alle saman, 7,12 eller 30 mål for alle som trong det, og alle trong det. Utan å idealisera var den greieste måten å leva på å få ein utmarksteig av far din. Ein far hadde mykje meir bruk for at sonen eller dottera fekk ei ku enn at han sjølv fekk ei ku meir. Ubrukeleg jord i ein finansøkonomisk forstand var brukeleg så lenge det handla om å få mat på bordet. Men å produsera meir enn ein trong, var heller ikkje så lønsamt sidan dei fleste andre også hadde jord.

– Dette er ikkje nett det klasisk landbruksøkonomi forfektar?

– Nei, eg har sjølv landbruksutdanning og sat og høyrde på desse førelesarane. Det dei aldri forstod, var at det var utruleg mykje lettare å få ei kontant



Foto: Bjørn Sigurdson / NTB scanpix

**SAMTALEN:**  
**Ottar Brox**  
Professor i sosiologi  
**AKTUELT:**  
Norsk landbruk

«Det er ingen logikk i å no prøva å skaffa seg ei utkome av 40 mål med jord. Dei som driv på med slikt, har det helst som sidearbeid eller er grønne idealistar.»

krone ut av havet enn ut av myra. Dei klaga støtt over at den norske jorda var altfor oppdelt i altfor små einingar. Det var ikkje lønsemd ut av slikt, hevda dei, og tala om denne særnorsk uvanen. Men som eg meiner eg viser i boka, så var dette ikkje noko anna enn rasjonell tilpassing.

– Men kvifor vart bøndene rasjonalisert bort i Skottland?

– Av di England gjorde klanleiarane om til landeigarar. Samstundes var landskapet stort og ope, medan det i Noreg var myr og småskog. I Skottland kunne ein lata sauene gå ute heile året, og dimes vart det lønsamt for klanleiarane å jaga bort folket dei før hadde vorte valde for å verna. Ull gav store finansinntekter og kunne nyttast i industrien. I Noreg kunne ikkje sauene gå ut om vinteren og vart dimes svært arbeidskrevjande.

– At det gjekk som det gjekk, var sjølvsagt bra. Vi hadde folk til å taka opp fisken, utnytta krafta og til slutt arbeida i oljen, men har funna dine nokon implikasjonar for framtida?

– Vel, det er ingen logikk i no å prøva å skaffa seg ei utkome av 40 mål med jord. Dei som driv på med slikt, har det helst som sidearbeid eller er grønne idealistar. Men som eg skriv i boka, skulle eg ynskja at norsk landbrukspolitikk alt for lenge sidan hadde vore lagt om til arealtilskot i staden for å løna arbeidskrevjande produksjon som mjølk. At vi har gjort det på denne måten, har ført til at store område har vorte liggjande brakk og småskog har teke over. Men eg er redd for at vi kan koma dit at det også i Noreg grunna teknologisk utvikling vert massearbeidsløyse. Mange nobeløkonomar meiner vi bør vurderera borgarløn, i eit slikt samfunn trur eg mange vil finna meining å taka opp att drifta av småbruk.

## sett & saksa

### AVRUSINGA

Nå er de mer edruelege i oljebransjen.

Politisk redaktør Hanne Skartveit i VG

### PÅFUGLEN

Per Sandberg har flere hatter og går under mange navn.

Kommentator Yngve Kvistad i VG

### SYNDEFALLET

Kanskje var det slik at menn en gang i tiden var bedre egnet til å ta vare på familien sin, høste korn eller gå i krigen, men i Norge i dag er ikke dette lenger en aktuell problemstilling.

Bloggar Sophie Elise Isachsen i kronikk i VG

### PRESISERINGA

– Jeg skulle ønske meg noe helt annet enn et oljeprisfall av den typen vi har hatt.

Erna Solberg til NRK

### HOVUDKÅLEN

– Du vet oljen og gassen som vi har levd av, utgjør langt under ti prosent av nasjonalformuen. Og resten er oppi hodene våre.

Jonas Gahr Støre til TV2

### JARTEGNA

Du vet det er et bra fotballag på besøk når du plutselig ser VM-trofeet nede på sidelinja et par timer før avspark.

Morten Pedersen i Dagbladet

### PRIORITERINGA

Uansett burde IS-ledelsen i Mosul ha annet å tenke på enn burka- og niqabforbud.

Jan-Erik Smilden i kommentar i Dagbladet

### LØYNDOMEN

Jeg må innrømme: Jeg liker Erna Solberg.

Kommentator Hans Petter Sjøli i VG

### PRESSET

– Hvis det er slik at vi har kravstore forbrukere, så er vi nødt til å bli enda bedre.

Konserndirektør Kjell S. Rakkenes i Nortura til Nationen

### SAKSOPPLYSNINGA

Ingen skuldet skolen før.

Astrid Meland i VG

### RANGERINGA

Kontantstøtten er den mest feilslåtte velferdsordningen som noen gang har vært innført her til lands.

VG på leiarplass